




Selma og Bernt Løvli frå Balsfjorden i Troms på slektbesøk i Uskedalen

Selma og Bernt Løvli frå Storsteinnes i Balsfjord kommune i Troms køyrer over 4000 km for å gjesta slekta si på Leite i Uskedalen. Det gjer dei kvart 2. år. Den fyrste turen til Uskedalen i 1968 gjekk med fly og båt. Seinare har ein reist med hurtigruta, men mest av alt med personbil og no 3 gonger bubil.



Selma er halvsystem til Norunn Andreassen ( f. Kjærland ). Mor deira, Emma Larsen, kom til Uskedalen straks etter krigen og kom i teneste på Kjærland hos Torgeir K Kjærland. På nabobruket møtte ho Johannes. Dei vart

gifte og fekk to jenter, Else og Norunn. Else bur i Baltimore ( USA ).  
Selma og Bernt kjem fast til Uskedalen. Dei har ei stor venegruppe i bygda.

Bernt har jobba med salg innan landbruksnæring, på Alfa Laval og i Felleskjøpet. Han er godt kjend innan ulike nettverksgrupper i landet.

Selma og Bernt er i dag pensjonistar. Dei har over mange år gjort eit stort arbeid for friluftslivet og turlagsarbeidet i Troms,- bygging og tilsyn på hytter, provianttransport, merking og tilrettelegging av stiar og skiløyper. For lang og tru teneste er det begge tildelt æresmedlemsskap.

Tekst/foto: Kristian Olav Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland